


Strategihefte

Hilde Nessa og Anette Helstad



ANALYSE

BY: GREP



STRATEGIAR

INTRO

1) FORBINDELSAR

langsgående
tverrgående

2) ENDRE TRAFIKKFOKUSET

tilrettelegging for mjuke trafikkantar
bil og parkering
buss/bybane og sykkel

3) MØTE BEFOLKNINGSBEHOV

Balansert demografi
Ulike eigarforhold og buforhold


4) KARAKTER/IDENTITET

dyrke identitetane på tomta
gateidentitet
byparkar




ANALYSE

BY: GREP



STRATEGI 1:
TVERRFORBINDELSAR


Vår første strategi handler om å knytte byen, og Aspøya saman gjennom ei heilskapleg, strategisk plan.



LANGSGÅANDE FORBINDELSAR, HESSA-MOA

Vi ønsker å skape gode forbindelsar på langs av øya, og knytte oss på linene vidare mot Moa i aust og Hessa i vest. Vi vil vidareutvikle sjøpromenaden som er planlagt i Brosundet og forsterke det langsgåande grøntdraget som går på øya.


- Grøntdrag
- Trafikklinjjer
- Sjøpromenade



TVERRFORBINDELSAR, HESSA - MOA

For å knytte dei langsgåande forbindelsane saman ønsker vi å skape gode tverrforbindelsar. I analysen viste vi at det finst mange visuelle tverrforbindelsar, men med eit uklart hiriaki, i tillegg til at ein ikkje har eit bestemt mål i enden av tverrforbindelsane. Systemet, med hyppige tverrgåande forbindelsar, ser vi for oss at er mulig å viderføre mot Moa og på Hessa også.

■ Mulig prioriterte tverrforbindelser




LANGSGÅANDE FORBINDELSAR - ASPØYA

Dersom vi zoomer inn på tomta ser vi kva forbindelseslinjer vi ønsker å ta tak i:

- Kirkegata (skulevegen for barn)
- Nedre Strandgate
- Kjøpmannsgata
- Sjøpromenade
- Grøntdragene på kvar side av Skutvikskaret og skape eit forbindelse på nordsida av øya.

-  Grøntdrag
-  Trafikkinjer
-  Sjøpromenade



TVERRFORBINDELSER, ASPØYA


Dei tverrforbindelsane vi ønsker å ta tak i er vist her. Langs desse forbindelsane finst det allerede viktige punkt i dag. Dei fleste tverrforbindelsane går frå høgdedraget i nord og ned til sjøen i sør.



ANALYSE


BY: GREP

Dagens trandutvikling:
2010-2030




STRATEGI 2: ENDRE TRAFIKKFOKUSET

Vi ønsker ta tak i utfordringa til Ålesund med veksande biltrafikk, og rette fokuset mot mjuke trafikkantar. Vi vil skape gater og ikkje vegar. Som nemd tidlegare, vil vi etablere bedre tverrforbindelsar, som også er ei tilrettelegging for fotgjengerar og syklistar.



BIL OG PARKERING

I Ålesund er gateparkering eit kjent syn, og dette skaper eit plassproblem ved utforming av gatenettet. Kommunen har i mange år prøvd å lage ein plan for gode sykkelforbindelsar i Ålesund, men mislukkast pga. begrensa plass i gatesnittet, slik plassen vart prioritert i dag. Vi ser potensialet i å fjerne ein del av gateparkeringa for å frigjere plass for syklande og gåande. Parkeringa vil vi gj tilbake ved å skape parkeringspunkt rundt om på øya, som på lang sikt kan omgjera til andre funksjonar.



BUSS/BYBANE OG SYKKEL


Vi vil legge tilrette for ein framtidig bybane, men i mellomtida ønsker vi å legge tilrette for gode bussforbindelsar. Vi ser behovet for å etablere gode busstopp på Aspøya, der det idag kun er eit busskilt som markerer stoppet. I tillegg vil vi etablere sykkeltrasséer, både tilrettelagte og trasséer der sykkel og forgjengar deler.




ANALYSE

BY: GREP

2010



2030





+ 32%

STRATEGI 3:

MØTE BEFOLKNINGSBEHOV


I analysearbeidet fann vi ut at folketalet i Ålesund kommune skal auke med 32 % dei neste 20 åra. Vi ønsker at flest mulig av disse kan busetja seg i sentrumsnære områder, deriblandt Skutvika. Talmaterialet fortel også at barnefamiljar flytter vekk frå Aspøya og sentrum. Vi har spurt oss sjølve om dette er eit typologiproblem. Er eineboligane for dyre for barnefamiliane, er gatene utrygge, er det mangel på urbane tilbod? Vi ønsker å legge tilrette for eit variert utval av typologiar som kan møte barnefamiljar sine behov, men også typologiar som passar den eldre delen av befolkninga som i dag opptek mange av eineboligane på Aspøya. Vi vil undersøke potensialet for å planlegge ein ny bydel med alternative eigar- og butilhøve som ein del av strategien for å skape eit variert tilbod.




BALANSERT DEMOGRAFI = TYPOGRAFISK MIKS

Vi ønsker å tilby varierte boliger til heile spekteret av menneske. Størrelsene og plasseringene skal variere slik at dei fleste kan få mulighet til å bu her. I tillegg vil vi blande typologiene innenfor eit område for å skape mangfold og varierte uterom/gateløp. første og andre etasjene vil vi jobbe med muligheten for å etablere næring. Vi tar med oss inspirasjon frå eksisterande bebyggelse og vil bygge tett, men ikkje nødvendigvis så høgt. Bebyggelsen skal ha ein tetthet som ligger mellom jugend- og trehusbebyggelsen. Vi vil også jobbe med fleksible løysingar for typologiane i dei urbane gatene. Dette gjelder først og fremst å kunne utvide einhetane innan typologiens begrensningar.

Privat



Privat



LEGG TIL RETTE FOR ULIKE EIGARFORHOLD OG BUFORHOLD

I arbeidet vårt vil vi utforske korleis vi kan legge tilrette for ulike eigar- og butilhøve. Kommunen kan bl.a vere med å bidra i denne utviklinga ved å tilrettelegge for kollektiv og borettslagsløyisingar. Vi har funne fleire eksempler på at kollektive løysingar som er etterspurt, spesielt blant eldre. I Stavanger vert det jobba med bl. a kollektiv mellom alle aldersgrupper. Denne kunnskapen ønsker vi å ta med oss i utviklinga av, Ålesund sin nye bydel, Skutvika.

"Byen handler om å dele"

- sitat Alexandria Aalgard, president i NAL




ANALYSE

BY: GREP



STRATEGI 4: KARAKTER OG IDENTITET


Stad handlar om identitet og vi ønsker å forsterke identitetane og historia til Skutvika. Vi vil etablere sterke forbindelsar (som nevnt i strategi 1). Blandt det mest identitetsskapande for området er forholdet til sjøen og fiskeri. Derfor har vi vald å behalde piren og jobbe med forholdet land-vatn. Her vil vi også legge tilrette for vidare båtaktivitet. Bebyggelsen er også identitetsskapande, særskilt den industrielle, knytta til fiskeri og anna maritim næring. Vi ser for oss at desse er ideelle for transformasjon og ny bruk. Vidare ønsker vi å sjå på korleis me kan skape ein ny bebyggelses identitet som kan hente inspirasjon frå den eksisterande bebyggelsen i Ålesund.



GATEIDENTITET

I utforminga av gatesystemet vil vi jobbe med kjøpmannsgata, som har lang tradisjon for maritim virksomhet. Dette ønsker vi å viderføre ved å legge tilrette for transformasjon og knytte den på bygateløpet ved å forlenge den inn i Nedre strandgate. Videre ønsker vi å differensiere dei ulike gatene og gje dei ulike identitetar.

-  Gatenett
-  Kjøpmannsgata + Nedre strandgate
-  Transformasjon av gamle industribygg



BYPARKAR/PUKTIDENTITET

Vi ønsker å etablere to nye byparker i møta mellom sjøpromenaden og tverrforbindelsane frå sansehagen og Storhaugen. Begge områdene har fine kvalitetar og tilknytning til sjø og utsikt. Vi vil gje sjøen tilbake til menneska på øya og ikkje berre industrien. Også små, uformelle møteplasar blir viktige.

- Eksisterande attraksjonar
- Byparker (pirpark og sjøpark)
- Sjøen